



Det nye styret: Hilde Bringedal, Bente Hovden, Anja Strüter, Ann Kristin Musland og Åse Myklebust

Oppturen held fram for Uskedalen Skulemusikk som hadde årsmøte på skulen ikveld og valde nytt styre. Hilde Bringedal tek over som leiar etter Haldis Åkra og dei øvrige i styret er Anja Strüter, Ann Kristin Musland, Bente Hovden og Åse Myklebust. Valet gjekk glatt og var prega av den oppturen som korpset utan tvil er inne i både musikalsk og økonomisk.

Det har vore god rekruttering i det siste året og no har korpset 16 aktive musikantar og 7 aspirantar. Tor Skeie Olsen er framleis dirigent og sidan november har han hatt assistanse av Julie Olsen som har hatt gruppeøvingar.



Thor Inge Døssland vart sterkt berømt for innsatsen

I årsmeldinga vart ikkje minst Thor Inge Døssland takka for eit godt samarbeid om alle aktivitetar som knyter seg til eit korps og adventskalendaren var til dømes ein stor suksess med ei inntekt på 56 000 kroner. Korpset har fått 45 000 i stønad frå Sparebankstiftinga til nye uniformar. På instrumentsida står no ein trombone til og ein bass på ynskelista.

Rekneskapen viser driftsinntekter på 203 864 kroner og kostnader på 180 937. Dei største utgiftspostane er 70

000 til seminar og 56 500 til dirigent og instruktør. Dominerende inntektsposter er 81 344 frå arrangement , 75720 frå seminar og 40 340 i gåver og tilskot.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen